

# Interkommunale planen for sjøareal i Region Nordhordland



**ALVER**  
KOMMUNE



AUSTRHEIM KOMMUNE



FEDJE KOMMUNE



**GULEN KOMMUNE**  
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTE



MASFJORDEN KOMMUNE



MODALEN KOMMUNE



OSTERØY KOMMUNE



**VAKSDAL KOMMUNE**

# Møte – 11.08.2023 - IKPU

- Saksliste

- Godkjenning av innkalling og saksliste
- Godkjenning av referat frå førre møte
- 3 gongs høyring og førebuing av møte med SF
- Eventuelt -

# 3GH – endringane

Mynde	Kva motsegnet gjeld	Endring i 3GH
Kystverket og Statsforvaltaren	4633-154 Hjeltevarden – areal til akvakultur	Ingen endring
Fiskeridirektoratet	4632-158 Høggholmen – areal til skjelsand	Tatt ut av framlegget
Statsforvaltaren (SF)	4632-156-1 Øksnesmarka – kombinert formål akvakultur og hamn	Ingen endring
Statsforvaltaren	4634-151-1 – Ådnekvam – utviding av akvakulturområde	Område er vesentleg redusert
	4634-138-6 Totland – akvakulturområde som går ut i sjø	Ingen endring i framlegget – men sjå saksutgreiinga med grunngjeving
Statsforvaltaren	4634-129-1 Hosteland – småbåthamn	Arealet er redusert
Statsforvaltaren	4634-138-4 Solheim – småbåthamn	Arealet er redusert – krav om reguleringsplan er presisert
Statsforvaltaren	Føresegn	Har hatt dialog med SF og revidert føresegna. Forsøkt å følgje opp det som SF har spelt inn. Fiskeridirektoratet hadde konkrete innspel som langt på veg er tatt inn.
Vestland fylkeskommune	Kart – kulturminne	Tatt med i kartet

# Kystverket – tilbakemelding 3GH

- Motsegn – 2 AKV område
  - Hjeltevarden – Fedje
  - Hisarøyna – Gulen

I våre tidlegare fråsegn gjekk ikkje Kystverket til motsegn mot ny akvakulturlokalitet nord for Hisarøyna, men vi oppmoda til å avklara bruken opp mot lokal farlei. Viser til vårt brev datert 15.12.2022:

*«Kystverket fremmer ikkje motsegn til forslaga om nye akvakulturområder nord for Hisøya, men rår til at kommunen avklarar arealbruken med lokale selskap som trafikkerer området med passasjertrafikk slik at forslaga kan justerast for å koma fleire interesser i møte».*

Passasjertrafikk i tidsrommet september- oktober 2022:



Vi ser oss difor nøydt til å fremje motsegn til akvakulturområdet nord for Hisarøyna fram til det ligg føre ei arealavklaringa som sikrar trygg og forsvarleg ferdsel i farvatnet ved planlagt areal til akvakultur nord for Hisarøyna.



STRILAKRIG: Ordfører Per Lerøy og resten av kommunestyret i Austrheim går no til strilakrig for å endre Statsforvaltaren si haldning til strandsona. Foto: Eva Neteland

Av Sondre Lingås Haukedal

Publisert: 30.07.23 05:30

Del

Politikarane i Austrheim meiner Statsforvaltaren tenker for firkanta om strandsona i kommunen.

 For abonnentar

– Vi synest det er heilt urimeleg når vi opplever at lokaldemokratiet blir så overkøyrd av byråkratane til Statsforvaltaren, seier ordfører Per Lerøy (Ap) i Austrheim.

I slutten av juni vedtok eit samrøystes kommunestyre i Austrheim å sende ein krass uttale til Statsforvaltaren i Vestland. Grunnen er at politikarane i kystkommunen er misfornøgde med haldninga Statsforvaltaren viser til strandsona i kommunen.

## Flytebrygger

I brevet til Statsforvaltaren viser kommunestyret til fire konkrete dispensasjonssaker der Statsforvaltaren har sett foten ned for tiltak i strandsona i øykommunen.

To av sakene der Statsforvaltaren har sett ein stoppar for planar, er dispensasjonssaker for plassering av flytebrygger i samband med eksisterande, private kaianlegg.

I dei sakene har Statsforvaltaren mellom anna peikt på effekten tiltaket vil ha for opplevinga av landskapet, at det å gi dispensasjon kan gjere det vanskeleg å seie nei til liknande søknader i framtida, og at flytebrygger bør samlast i fellesanlegg for å minske arealbeslag og privatisering av strandsona.

Politikarane i Austrheim meiner på si side at det ikkje er snakk om nye inngrep i naturen, då flytebryggene skal festast til eksisterande kaianlegg. Vidare peiker dei på at flytebrygger vil gi brukarane tryggare tilgang til båtane sine.

# Møte med Statsforvaltaren (SF) 15. august

- Konkrete arealforslag – med motsegn – gjennomgang av dei
- Føresegn – viktigaste merknad har vore det med unntak frå krav om reguleringsplan

# Statlege planretningslinjer

- I dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsonen (retningslinjene) langs sjøen er landet delt inn i 3 soner. Største delen av planområdet er i sone 3 «mindre press på arealene), berre deler av Alver er i sone 2.
- I retningslinjene står det følgjande for sone 3;
- *«Større anlegg- og utbygginger til næringsvirksomhet, bolig- eller fritidsbebyggelse vil alltid kreve reguleringsplan jf. pbl. § 12-1.»*
- I retningslinjene står det følgjande for sone 2;
- *«Ny vesentlig utbygging til næringsvirksomhet, bolig- eller fritidsbebyggelse anses å ha vesentlige virkninger for miljø og samfunn og krever reguleringsplan jf. pbl. § 12-1. I pressområder skal kravet til reguleringsplan tolkes strengt.»*

# Forslag unntak frå plankrav

- Føresegnene omhandlar dette med unntak om plankrav i følgjande §§:
- 2.1.2 – unntak frå plankrav, men med strenge krav som må vere oppfylt for at det skal kunne nyttast. I retningslinjene er det presisert at tiltaket skal gi ei forbetring av tilhøva i området både på land og sjø
- 3.1.7 d) - eksisterande område for småbåthamn
- 3.3.2 – eksisterande område for småbåtanlegg

## 3.3.2. Andre typar bygg og anlegg (ABA) (SOSI 1500)

a) For eksisterande areal satt av til småbåtanlegg, ifr. pbl § 11-9 nr.1, kan det tillatast mindre tiltak utan reguleringsplan etter pbl. §§ 20-1, bokstav f, i, og j 20-4 bokstav a, c 20-5 bokstav a, d, e og g når vilkåra i pkt. 2.1.2 er oppfylt og:

- i. Føremålet omfattar småbåtanlegg med tilhøyrande anlegg
- ii. I tilknytning til område for småbåtanlegg kan det byggjast tilhøyrande anlegg for båtopptrekk, lagringsplass, parkering o.l. på land når tilkomst er sikra
- iii. Ved planlegging eller etablering av tiltak skal det gjerast naudsynte tiltak som sikrar at småbåtanlegga ikkje vert råka av naturskade
- iv. Område for småbåtanlegg kan byggjast ut med mindre anlegg, slik det går fram av tabellane under, utan krav til reguleringsplan
- v. Tiltak som er fremmer fellesløysing prioriterast.

### a) c) Private flytebrygger og båtfeste

Det er ikkje krav om reguleringsplan for private flytebrygge og båtfeste. Fellesanlegg vert prioritert ved ei samla vurdering. Det kan tillatast mindre tiltak etter pbl. §§ 20-1, bokstav f, i, og j 20-4 bokstav a, c 20-5 bokstav a, d, e og g når vilkåra i pkt. 2.1.2 er oppfylt og:



# Føreseon 2 1 2 – krav ved unntak - plankrav

## 2.1.2. Unntak frå plankrav, jf. pbl. §§ 11-9, nr. 1 og 11-10):

For eksisterande areal satt av til småbåthamn og småbåtanlegg kan det tillatast mindre tiltak etter pbl. §§ 20-1, bokstav f, i, og j 20-4 bokstav a, c 20-5 bokstav a, d, e og g når vilkåra under er oppfylt:

1. Tiltaket er i tråd med kommuneplanen sine føresegner og retningsliner.
2. Etablering eller utviding legg til rette for fellesløysingar
3. Verknad ikkje fører til ei vesentleg auke i miljøbelastninga for omgjevnadane i form av trafikk, støy og forureining, andre vesentlege negative verknader for nærmiljøet eller nasjonale og regionale interesser.
4. Eksisterande teknisk infrastruktur og transportsystem skal nyttast og har tilstrekkeleg kapasitet t.d. avkøyrslar, kryss, trygg skuleveg m.v., eller eventuelt behov for oppgradering kan sikrast ved byggesakshandsaming.
5. Tiltaket er ikkje ein etappe eller del av større utbyggingsprosjekt og det er ikkje krav om felles planlegging.
6. Kommunen vurderer det ikkje som naudsynt med reguleringsplan for å gjennomføre tiltak, samstundes som omgjevnadane vert teke i vare og verknadane ikkje er vesentlege.

Ved gjennomføring av tiltak skal det leggest vekt på at det gjev ei forbetring av tilhøva i området både på land og i sjø

- **Forbetring** kan vere opprydding av einskild fortøying, betra tilgjenge til sjø for ålmenta, betra samanheng og tilhøve for ferdslar og legg til rette for fellesløysingar
- Tiltak fører ikkje til ei forverring av miljøtilstand eller belastning på omgjevnadane
- **Forverring** kan vere auke i miljøbelastninga ( støy og forureining), negative verknader for nærmiljøet (bygde og naturgjevne omgjevnader, kulturminne både på land og i sjø, verdifull vegetasjon, byrom mm..), redusert tilgjenge eller moglegheit for ferdslar